

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.05.2023
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik og Thomas Homme Pettersen
SAKA GJELD: **Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024**

ARKIVSAK: 2023/421
STYRESAK: 060/23

STYREMØTE: 14.06.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fordeling av førebels inntektsramme for 2024 blir som følger (tal i 2023-kroner):

| INNTEKTSFORDELING 2024 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Haralds-plass | Helse Vest RHF | SUM |
|--|------------------|------------------|-------------------|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| SUM, ISF | 2 038 753 | 921 535 | 3 164 283 | 621 876 | 342 750 | - | 7 089 196 |
| SUM, basisramme fordelt etter modell | 5 818 635 | 2 952 974 | 8 234 279 | 2 480 077 | | | 19 485 966 |
| Resultatbasert finansiering | 42 410 | 17 823 | 67 869 | 13 493 | | | 141 596 |
| SUM, basisramme fordelt utanfor modell | 443 351 | 192 725 | 1 306 932 | 94 036 | 680 209 | 3 703 033 | 6 420 287 |
| Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på): | 9 912 | 3 362 | 164 768 | 2 280 | 0 | | 180 323 |
| SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF | 8 353 061 | 4 088 419 | 12 938 131 | 3 211 763 | 1 022 960 | 3 703 033 | 33 317 367 |

2. Førebels resultatkrav for 2024 blir sett som følger:

| Resultatkrav ØLP 2024-2028 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus- apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|----------------------------|-----------------|-------------|--------------|-------------|---------------------------|----------------|----------------|---------|
| Resultatkrav 2024 | 2 000 | 0 | 75 000 | -2 000 | 9 000 | 1 000 | 350 000 | 435 000 |

3. Helseføretaka blir bedne om å nytte rammebudsjettering som teknikk for budsjetteringa for 2024. Budsjettet skal bygge på inntektsføresetnader og resultatkrav som følgjer av denne saka. Dei økonomiske rammene må bli budsjettert ned til lågaste nivå i organisasjonen og føresetnadene for rammebudsjettering må bli klargjort i alle ledd i føretaket slik at kostnadane blir tilpassa den inntektsramma og resultatkravet HF-et skal nå. Helseføretaka må klargjere dei økonomiske utfordringane og

nødvendige tiltak før styret i føretaket vedtar budsjettet, slik at ein oppnår nødvendig effekt allereie ved inngangen av 2024.

1. Innleiing

Helse Vest hadde i 2022 eit samla positivt resultat på 416 mill. kroner som var 79 mill. kroner dårlegare enn budsjett.

Resultatutviklinga akkumulert pr. april 2023 viser eit resultat som ligg om lag 281 mil. kroner lågare enn budsjett. I dette resultatavviket er det ikkje innarbeida effektar av revidert nasjonalbudsjett.

Det er førebels usikkert kor stor vekst regjeringa legg opp til for 2024, og kor stor veksten vil bli innanfor spesialisthelsetenesta. Det er likevel venta at det ut frå vekst i befolkninga og dei demografiske forholda, og vil bli lagt opp til ein vekst i Statsbudsjettet for 2024 som er opp mot det nivået som har vært tidlegare år.

I statsbudsjettet for 2023 blei det lagt opp til ein generell vekst på 1,5 % samanlikna mot saldert budsjett 2022. I føresetnader og føringar for økonomisk langtidsplan 2024-2028 er det lagt til grunn ein samla årleg aktivitetsvekst på 0,6 % samla for alle fagområda. Dette er vurdert til å vere eit konservativt anslag. Sjølv om usikkerheita knytt til vekstføresetnaden for 2024 er stor, vil likevel administrerande direktør i førebels inntektsramme for kommande år legge til grunn ein samla vekst på 1%. Dette er vurdert til å vere meir realistisk basert på tidlegare års statsbudsjett. Den samla veksten er målt mot revidert nasjonalbudsjett 2023 som blir behandla i same møte.

For å bidra til ein god budsjettprosess ser administrerande direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge neste års økonomiske rammer og resultatkrav for det enkelte helseføretak på eit tidlegast mogleg tidspunkt.

I og med at statsbudsjettet for 2024 blir lagt fram først i oktober 2023, vil det vere usikkerheit rundt førebels inntektsramme. Dette gjeld mellom anna føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold. Dette er forhold som helseføretaka må ta omsyn til.

Endeleg inntektsramme blir lagt fram i styremøte i desember der forhold frå statsbudsjettet blir innarbeidd. Administrerande direktør legg med dette fram forslag til førebels inntektsramme for budsjettåret 2024.

2. Inntektsmodell

I styresak 049/21 i juni 2021 godkjende styret i Helse Vest ein ny inntektsmodell som fordelar midlar mellom helseføretaka i regionen. Styret vedtok å få utgreidd ein revidert modell for prehospitale tenester, med sikte på å ha modellen klar til inntektsfordelinga for 2023. Gjeldande inntektsmodell er eit resultat av den nye modellen som også omhandlar prehospitale tenester med oppdatering av kriterieverdiar. Det blir her vist til sak 064/22.

Oppdatering kriteriesett:

I denne saka er grunnlagsdata oppdatert slik at det er folketal pr. 01.01.23 som er lagt til grunn for berekningane. I tillegg til dette er både aktivitet og dei sosiale kriteria i behovskomponenten oppdatert utanom to som kjem til hausten. I samband med sak om endeleg inntektsfordeling til hausten vil ein i tillegg oppdatere gjestepasientoppgjæret.

Folketalet viser ein samla vekst på 1,0 % det siste året. Det er stor variasjon i denne veksten innafor helseføretaksområda, med størst vekst i Helse Stavanger og minst vekst i befolkninga i Helse Førde.

| | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | SUM |
|-------------|-----------|-------|--------|-------|-------|
| Endring i % | 1,5 % | 0,9 % | 0,9 % | 0,3 % | 1,0 % |

Når det gjeld veksten innafor dei ulike alderstrinna ser ein at det er gruppa 50+ kor veksten er størst og kor alle har ein vekst

| | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | SUM |
|------------------------------|-----------|-------|--------|-------|-------|
| Endring i % aldersgruppe 50+ | 2,4 % | 1,7 % | 1,9 % | 1,0 % | 1,9 % |

Desse forholda påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og inneber at den største veksten ligg i Helse Stavanger medan Helse Førde har den lågaste veksten.

3. Budsjettprosess - milepelar

Administrerande direktør legg opp til at konsernbudsjettet for 2024 blir behandla i første styremøte i 2024. For å sikre ein god prosess og nødvendige budsjettvedtak i helseføretaka er følgjande tidsfristar og aktivitetar sentrale:

| Tidsfrist | Aktivitet | Kommentar |
|-----------------------------|---|---|
| 14/6-2023 | Førebels inntektsramme og resultatkrav 2024 fastsett av styret i Helse Vest | Helseføretaka må med utgangspunkt i førebels inntektsfordeling sette i gang budsjettprosessen |
| August/september | Utarbeiding av budsjett i helseføretaka | |
| Primo oktober - 2023 | Statsbudsjett 2024 | Gjennomgang og avstemming av føresetnader, aktivitet, prioriteringar, utfordringsbilde og tiltaksplanar |

| | | |
|-----------------------|--|---|
| Medio november | Inntektsramme 2024 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a | Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 6/12-2023 |
| Nov/Des 2023 | Budsjett i HF-a behandla av styret | Styremøte i HF-a |
| 15/1-2024 | Budsjett i HF-a ferdig oppdatert og overført til SAP | Klar for gjennomgang og kvalitetssikring |
| Veke 3 | Kvalitetssikring av budsjett i HF-a | |
| Veke 4 | Gjennomgang av resultat frå kvalitetssikring budsjett | |
| Februar 2024 | Styresak konsernbudsjett 2024 | |

Førebels inntektsfordeling skal handterast som ei øvre budsjettramme, og helseføretaka må difor ikkje leggje inn føresetnad om inntekter frå Helse Vest ut over denne ramma. Eventuelle endringar som kjem som følgje av statsbudsjettet skal handterast som ei endringssak etter at sak om endeleg inntektsramme er klar medio november 2023. I Helse Vest sitt opplegg for økonomistyring er det stilt krav om at budsjettet blir fordelt ned på lågaste nivå med budsjettansvar i organisasjonen. Helse Vest føreset at dei økonomiske rammene vert fordelte etter dette opplegget, og gjort kjent i organisasjonen slik at dei resultatansvarlege kan tilpasse kostnadene til tilgjengeleg inntektsramme, og at dette arbeidet er starta før sak om endeleg budsjettramme 2024.

Dersom helseføretaka ønskjer å prioritere nye oppgåver eller endra behov, må dei finansiere desse innafor den økonomiske ramma som er fordelt gjennom denne saka. Helseføretaka må ikkje setje i gang nye aktivitetar/tiltak før finansieringa er godkjent av styret. Dersom helseføretaket likevel vil setja i gang tiltak/aktivitetar som ikkje har ei særskild finansiering må dei ta ut andre lågare prioriterte aktivitetar slik at helseføretaket samla held seg innanfor den økonomiske ramma.

Helseføretaka må ikkje leggje inn føresetnader om inntekter eller korreksjon av resultatkrav som ikkje eksplisitt er nemnt i denne saka.

4. Føresetnader

4.1. Prisføresetnad

Førebels inntektsramme er utarbeida i same kroneverdi som budsjett 2023, det vil seie utan justering for anslag for deflator. I endeleg inntektsramme som blir behandla i desembermøtet vil oppdatert inntektsramme vere basert på føresetnaden i Statsbudsjett 2024 og då utarbeid med basis i 2024 kroneverdi.

4.2. Bestilling

Det er førebels usikkert kor stor vekst regjeringa legg opp til for 2024, og kor stor veksten vil bli innanfor spesialisthelsetenesta. Det er likevel venta at det ut frå vekst i befolkninga og dei demografiske forholda også vil bli lagt opp til ein vekst i Statsbudsjettet for 2024.

Administrerande direktør legg i denne saka til grunn at aktivitetsveksten for 2024 blir på 1%.

Det blir i denne saka ikkje tatt stilling til eventuell endring i registreringspraksis for 2024.

Dette er eit forhold som en vil måtte komme tilbake til etter at statsbudsjettet for 2024 er lagt fram. Førebels DRG-pris for 2024 blir her sett til same nivå som i revidert nasjonalbudsjett på 50 152,- kroner.

Fordeling av vekst i DRG poeng er gjort med basis i same fordeling som i ØLP, men då med 1% vekst som grunnlag. Dette er eit forhold som må avklarast nærmare i samband med endeleg bestilling for 2024.

Med basis i vekstføresetnaden som er skissert ovanfor legg Helse Vest til grunn følgjande førebels bestilling på DRG poeng i 2024:

| Utrekning av overslagsløyving for 2024 | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | HDS | Avtaler | SUM |
|--|----------------|---------------|----------------|---------------|---------------|--------------|----------------|
| Bestilling 2023 | 96 373 | 43 963 | 156 343 | 29 584 | 17 086 | 3 463 | 346 811 |
| Aktivitsvekst 1% - fordelt vekst HF etter same forhold som ØLP | 1 253 | 308 | 1 876 | 148 | 0 | 0 | 3 585 |
| Overslagsløyving for 2024 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk | 97 626 | 44 271 | 158 219 | 29 732 | 17 086 | 3 463 | 350 396 |
| Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region | -1 456 | -202 | -4 048 | -572 | 0 | 0 | -6 278 |
| DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private | 5 459 | 1 868 | 3 564 | 1 840 | 0 | 2 000 | 14 731 |
| Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest | 101 629 | 45 937 | 157 735 | 31 000 | 17 086 | 5 463 | 358 849 |

Bestillinga til føretaka kan bli justert som følge av dei føresetnadene som blir sett i Statsbudsjettet for 2024.

Inntektsramma inkluderer ikkje variable inntekter til poliklinisk verksemd, med unntak av somatisk poliklinisk verksemd. Desse inntektene blir fordelt direkte til helseføretaka basert på registrert aktivitet, jfr. DRG tabell ovanfor.

Overslagsløyvinga for poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern og rusbehandling er i 2023 på 132 000 DRG-poeng med ein einingspris på kr 3 527,-. Helse Vest legg førebels opp til at overslagsløyvinga frå 2023 blir vidareført med ein aktivitetsvekst på 1 % til 2024. ISF inntekt psykisk helsevern og rus er ikkje inkludert i tabellen som viser sum inntektsfordeling frå Helse Vest, og kjem i tillegg på same måte som anna poliklinisk inntekt.

4.3. Basisramma

Ved fastsetting av førebels basisramme frå staten er det lagt til grunn følgjande element:

| | |
|---------------------------------------|-------------------|
| Basisramme 2023 (RNB) | 25 408 090 |
| Aktivetsauke på 1 % | 203 265 |
| Sum estimert basisramme i 2024 | 25 611 355 |

Det er lagt til grunn at forventta aktivitetsvekst på 1% blir kompensert i basisramma med ein marginalkostnad på 80%. Den delen av kostnadsbasen som knytte seg til pensjon inngår ikkje i berekning av aktivitetsendringa.

Det er venta at generelle krav om effektivisering blir vidareført i 2024, men det er førebels usikkert kor stor denne vil vere.

I denne saka er føresetnaden at effektane av reforma blir fanga opp gjennom at veksten for 2024 er sett til å vere 1%, noko som er lågare enn det statsbudsjettet har vore dei siste åra.

4.4. Førebels inntektsramme frå staten

Med basis i ovannemnde føresetnader, legg administrerande direktør til grunn følgjande førebels inntektsramme frå staten for 2024 uttrykt i 2023-kroneverdi:

| (tal i heile tusen) | Kap. Post | Inntektsramme 2023 RNB | Førebels inntektsramme 2024 | Endring | Endring i % |
|---|---------------|---------------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|
| Resultatbasert finansiering | 732.71 | 141 596 | 141 596 | 0 | 0,0 % |
| ISF-inntekt (overslagsbevilgning) | 732.76 | 7 127 895 | 7 199 791 | 71 896 | 1,0 % |
| Basisramme | 732.73 | 25 408 090 | 25 611 355 | 203 265 | 0,8 % |
| Forskning og medisinske kompetansesenter | 732.78 | 178 496 | 178 496 | 0 | 0,0 % |
| Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar | 732.70 | 8 054 | 8 054 | 0 | 0,0 % |
| Landsdekkende modell for rettspsykiatri | 732.70 | 1 216 | 1 216 | 0 | 0,0 % |
| LIS-stillinger (31+100) | 732.70 | 51 102 | | -51 102 | -100,0 % |
| Medisinske undersøkingar på barnehusa | 732.70 | 7 096 | 7 096 | 0 | 0,0 % |
| Barnepalliative team | 732.70 | 5 778 | 5 778 | 0 | 0,0 % |
| Substitusjonsbehandling | 732.70 | 14 000 | 14 000 | 0 | 0,0 % |
| Tverrfaglig helsekartlegging | 732.70 | 2 053 | 2 053 | 0 | 0,0 % |
| Økt arbeidsgiveravgift | 732.70 | 122 200 | | -122 200 | -100,0 % |
| Medevac | 732.70 | 20 000 | 20 000 | 0 | 0,0 % |
| Bjergvin fengsel | 732.70 | 5 474 | 5 474 | 0 | 0,0 % |
| Heroinassistert rehabilitering | 732.70 | 19 259 | 19 259 | 0 | 0,0 % |
| Persontilpasset medisin - overført via Helse Sør-Øst | 732.70 | 14 510 | 14 510 | 0 | 0,0 % |
| Bioteknologiløven | 732.70 | 6 589 | 6 589 | 0 | 0,0 % |
| Tannhelsesteneste i sjukehus | 770.21 | 4 500 | 4 500 | 0 | 0,0 % |
| Tilskot til protosenter - investeringstilskot | 732.81 | 77 600 | 77 600 | 0 | 0,0 % |
| Sum, estimert inntekt frå staten | | 33 215 508 | 33 317 367 | 101 859 | 0,3 % |

Fleire av postane ovanfor er usikre og vil bli oppdatert ved endeleg inntektsfordeling.

Øyremerkte tilskot som har etablert seg over fleire år er førebels vidareført inn i 2024 med same nivå som i 2023. Det er knytt usikkerheit rundt varigheita av auken i midlertidig auka arbeidsgivaravgift og tilskotet er såleis ikkje vidareført i førebels inntektsfordeling 2024.

Dette forholdet vil man komme tilbake til i samband med endeleg inntektsfordeling 2024 kor dette forholdet er venta avklart. Ordninga er litt knapt finansiert i 2023 så om den fell bort så har dette ein liten positiv effekt for Helse Vest. Det øyremerkte tilskotet til LIS1 stillingar er heller ikkje vidareført og er venta avklart i samband med statsbudsjett 2024.

Det må takast atterhald for eventuell vidareføring og nivå på øyremerkte midlar.

5. Full effekt frå inntektsmodell prehospital tenester

Våren 2022 gjennomførte Helse Vest ein revidering av den prehospital delen av inntektsmodellen for regionen, ref. styresak 064/22 «Utarbeiding av ny inntektsmodell for prehospital tenester i Helse Vest» behandla i møte 13. juni 2022. I sak 059/22 «Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2023» frå same møte vart det lagt føringar om at modellens effektar skulle implementerast over 2 år for å dempe fordelingseffektar mellom helseføretaka. Som ein konsekvens av dette blei halv effekt av modellen korrigert i ei eiga linje ved fastsetting av konsernbudsjett 2023. Frå og med 2024 vil modellen virke i sin heilheit og korreksjonen for halv effekt av modell frå 2023 vil difor fjernast:

| Særskilte forhold som utgår fra inntektsrammen (heile tusen kroner) | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | SUM |
|---|-----------------|-------------|--------------|-------------|-----|
| Implementere inntektsmodell prehospital tenester over 2 år | 23 942 | - 331 | - 2 175 | - 21 436 | |

6. Førebels inntektsramme 2024 for helseføretaka

Ved fastsetting av inntektsramma er det lagt til grunn at kjøp av helsetenester i RHF-et i det store og heile blir vidareført på om lag same nivå som i 2023 men justert for nokon forhold.

Inntekter som blir fordelt til helseføretaka blir då som følgjer:

| Førebels inntektsramme 2024 | |
|--|------------|
| Førebels inntektsramme frå stat | 33 317 367 |
| Kjøp av helsetenester i RHF-et | 4 709 528 |
| Førebels inntektsramme fordelt til helseføretaka | 28 607 839 |

Under posten «kjøp av helsetenester i RHF-et» ligg det mellom anna fleire satsingar og budsjettstyrkingar i 2023-budsjettet som og er vidareført i 2024. Det vil bli gjort ei nærmare vurdering av desse budsjettpostane når rammene i Statsbudsjettet for 2024 blir lagt fram i oktober.

Med basis i ny inntektsmodell samt dei føresetnadene som er omtalt ovanfor, vil administrerande direktør tilrå følgjande fordeling av den samla inntektsramma for 2024 pr. helseføretak (inntektsfordeling innanfor og utanfor modell):

| INNTEKTSFORDELING 2024 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Haralds-plass | Helse Vest RHF | SUM |
|---|-----------------|-------------|--------------|-------------|---------------|----------------|------------|
| SUM, ISF | 2 038 753 | 921 535 | 3 164 283 | 621 876 | 342 750 | - | 7 089 196 |
| SUM, basisramme fordelt etter modell | 5 818 635 | 2 952 974 | 8 234 279 | 2 480 077 | | | 19 485 966 |
| Resultatbasert finansiering | 42 410 | 17 823 | 67 869 | 13 493 | | | 141 596 |
| SUM, basisramme fordelt utanfor modell | 443 351 | 192 725 | 1 306 932 | 94 036 | 680 209 | 3 703 033 | 6 420 287 |
| Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på): | 9 912 | 3 362 | 164 768 | 2 280 | 0 | | 180 323 |
| SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF | 8 353 061 | 4 088 419 | 12 938 131 | 3 211 763 | 1 022 960 | 3 703 033 | 33 317 367 |

Ein samla oversikt over postar som er fordelt utanfor inntektsmodellen følgjer til slutt i dette kapitelet.

6.1. Oversikt over inntektspostar som er fordelt utanfor inntektsmodellen

I tabellen under er det vist ein oversikt over inntektspostar som er fordelt utanfor modellen, eller er øyremerka tilskot frå staten:

| *) Spesifikasjon av postar utanfor modell | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Haralds-plass | Helse Vest RHF | SUM |
|--|-----------------|-------------|--------------|-------------|---------------|----------------|------------|
| Inntektsramme Helse Vest RHF | | | | | 653 927 | 3 703 033 | 4 362 960 |
| Internt lab-/røntgenoppgjør | -6 166 | -9 604 | 31 216 | -15 446 | | | 0 |
| Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade | | | 16 765 | | | | 16 765 |
| Strukturtilskot | | 37 742 | | | | | 37 742 |
| Tilskudd til landsfunksjoner (flyttet fra linje fordelt i modell) | | | 52 574 | | | | 52 574 |
| Regionalt senter for spiseforstyrrelser | | | 33 223 | | | | 33 223 |
| Tilskudd til interne gjestepasienter (10 % påslag) | | | 39 729 | | | | 39 729 |
| LAR Helse Bergen | | | 6 980 | | | | 6 980 |
| Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass | | | 13 959 | | | | 13 959 |
| Nevrokirurgisk verksemd | | | 9 607 | | | | 9 607 |
| PET-senter | 16 034 | | | | | | 16 034 |
| Variø økning av basisrammen | | | | | 15 965 | | 15 965 |
| PET-skanner - ending refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt) | | | 8 315 | | | | 8 315 |
| Pensjon St. prp 2023 | 652 875 | 306 573 | 1 186 928 | 232 113 | | | 2 378 489 |
| Pensjon RNB 2023 | -54 138 | -21 291 | -62 040 | -21 619 | | | -159 088 |
| Tilskot til utdanning | 18 537 | 9 277 | 159 294 | 7 023 | | | 194 132 |
| Kompetansenester: | | | | | | | |
| Regionale kompetansenester (NY FORDELING) | 17 036 | | 49 514 | | | | 66 550 |
| Nasjonale kompetansenester finansiert av rammen | | | 12 189 | | | | 12 189 |
| Tidlegare kompetansenester overført til drift | | | 7 373 | | | | 7 373 |
| Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma | | 1018 | 4 079 | | | | 5 097 |
| Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip | | | 7 638 | | | | 7 638 |
| Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi | | | 1047 | | | | 1047 |
| Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø | 9 795 | | | 9 795 | | | 19 590 |
| Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyring | | | 2 978 | | | | 2 978 |
| Pasienttransport | 11 329 | 11 275 | 14 447 | 15 350 | | | 52 401 |
| Regional vurderingseining for rehabilitering | | | 5 754 | | | | 5 754 |
| Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF | | | 36 389 | | | | 36 389 |
| Styrking av psykisk helsevern, døgn | 9 116 | 4 335 | 11 317 | 2 432 | | | 27 200 |
| Nye nasjonale behandlingstenester | | | 7 329 | | | | 7 329 |
| Utdanningsstillingar geriatri | 2 792 | | | | | | 2 792 |
| Legeambulans | | 5 406 | | | | | 5 406 |
| Velldningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse | | | 608 | | | | 608 |
| Etablering av soningseining for dei under 18 år | | | 1 388 | | | | 1 388 |
| Narkotikaprogram med domstolskontroll | | | 2 644 | | | | 2 644 |
| Rusmeistringseining ved fengslai Stavanger og Bergen | 373 | | 373 | | | | 1 946 |
| System for innføring av nye metoder | | | 1 857 | | | | 1 857 |
| Helse-Atlas | | | | 3 814 | | | 3 814 |
| Ny nasjonal teneste | | | 2 051 | | | | 2 051 |
| Vestlandslegen SUS | 22 000 | | | | | | 22 000 |
| Områdefunksjon | 1 492 | 1 066 | 1 492 | 853 | | | 4 903 |
| Pasient og pårørendeopplæring | | 1 485 | | | | | 1 485 |
| Barn som pårørende | 524 | 4 063 | 4 194 | 524 | | | 9 305 |
| Bibliotektenester Helse Stavanger | -5 944 | | | | | | -5 944 |
| Pasientrapporterte data | | | 619 | | | | 619 |
| Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom | 1 487 | | 1 352 | | | | 2 839 |
| Overføring pasienter frå Gulen og Eidfjord | | -12 800 | 43 400 | -30 600 | | | 0 |
| Uttrekk MVA (basert på mva-kartlegging) | -346 296 | -160 478 | -550 212 | -126 693 | | | -1 183 679 |
| Arbeidsmedisinsk avdeling | | | 8 666 | | | | 8 666 |
| Revmatologi | 13 729 | -5 709 | | | | | 8 020 |
| Verksemdsoverdraging palliativ sengepost | | | 5 200 | | | | 5 200 |
| Stifinnar-prosjektet | | | 2 350 | | | | 2 350 |
| Virksomhetsovertakelse TSB - sammendrag flere poster | | | 1 399 | | | | 1 399 |
| Virksomhetsovertakelse TSB - Intern bruk | | | 11 072 | -11 072 | | | 0 |
| Ein Vei Vest - prosjektmidler | | | 5 500 | | | | 5 500 |
| Fagnettverk - fordeling | 1 308 | 1 469 | 5 096 | 40 | | | 7 913 |
| Regionalt utdanningssenter | 587 | 587 | 5 954 | 587 | | | 7 717 |
| RegSim | 3 425 | 343 | 343 | 343 | | | 4 453 |
| InterRegSim | 3 679 | | | | | | 3 679 |
| Sekretariat samarbeidsorgan | | | 1 028 | | | | 1 028 |
| Regionalt biobankarbeid m.m | | | 1 119 | | | | 1 119 |
| Prostatacentre | 2 033 | | 2 033 | | | | 4 067 |
| Intensiv språktrening | 3 311 | | 4 681 | | | | 7 992 |

| | | | | | | | |
|---|------------------------|--------------------|---------------------|--------------------|----------------------|-----------------------|-------------------|
| Regional monitoreringsteneste | | | 2 284 | | | | 2 284 |
| Intensivambulansse Stavanger | 299 | | | | | | 299 |
| Nasjonale behandlingstenester | | | 4 110 | | | | 4 110 |
| Arbeidsgiveravgift (tidlegare øremerka midlar) | | 8 524 | 636 | 22 960 | | | 32 120 |
| Proton - oppstart | | | 30 049 | | | | 30 049 |
| Felles Vurderingseining i TSB | 4 204 | 2 102 | | | | | 6 306 |
| Kjøreskule for ambulansse | 541 | 16 | 5 985 | 16 | | | 6 558 |
| Regionalt kompetansesenter for smittevern | | | 2 159 | | | | 2 159 |
| Smittevernarbeid | 1 079 | 540 | | 540 | | | 2 159 |
| Bioteknologiloven - NIPT | | | 6 000 | | | | 6 000 |
| Lipødem | | | | | 4 318 | | 4 318 |
| Hjemmetester livmorhalsprogrammet | 157 | 85 | 206 | 52 | | | 500 |
| Tronvik | | | | 11 500 | | | 11 500 |
| Samhandlingsbarometer | | | | 2 284 | | | 2 284 |
| Overført avtalehjemler | 774 | | | 1 188 | | | 1 961 |
| Koordineringseining PH | | | 324 | | | | 324 |
| Norsk protonseneter - etablering av norsk proton og stråleterapiregister | | | 2 200 | | | | 2 200 |
| Sikkerhetspsykiatri | 17 415 | 3 414 | 19 250 | 1 961 | | | 42 040 |
| Operativ fagforvaltning for medikamentell kreftbehandling | | | 4 309 | | | | 4 309 |
| Korreksjon for omlegging av ISF (50 til 40%), egne pasientar | 26 729 | 102 | -7 311 | -21 521 | | | 0 |
| Dagkirurgi Norfordeid sjukehus | | | | 5 086 | | | 5 086 |
| Tidligere øremerkede midlar - fordeles nå i rammen: | | | | | | | |
| Barn og unge med erverva hjerneskode (R-10043) | 1 619 | | 4 318 | | | | 5 937 |
| Behandling av seksuallovbruddsdømde (R-11021) | 3 114 | | 3 211 | | | | 6 325 |
| Behandling av seksuelle atferdsproblem blant barn og unge (R-10954) | 678 | 322 | 841 | 181 | | | 2 022 |
| Barn og unge med medfødt hjerneskode (R-10781) | 2 573 | 1 458 | 3 603 | 944 | | | 8 578 |
| E-mestring (R-10763) | 2 159 | 971 | 2 483 | 971 | | | 6 584 |
| Barn og unge med livstruende og/eller livsbegrensende tilstander (R-10880) | 432 | 432 | 864 | 432 | | | 2 159 |
| SUM, basisramme fordelt utanfor modell | 443 351 | 192 725 | 1 306 932 | 94 036 | 680 209 | 3 703 033 | 6 420 287 |
| | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Haralds-plass | Helse Vest RHF | SUM |
| Øymerkede midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på): | | | | | | | |
| Nasjonale kompetansetenester | Kap. 732.78 | 3 776 | 0 | 35 035 | | | 38 811 |
| Heroinassistert rehabilitering | Kap. 732.70 | | | 19 259 | | | 19 259 |
| Bjergvin fengsel | Kap. 732.70 | | | 5 474 | | | 5 474 |
| Medisinske undersøkelser på barnehuset | Kap. 732.70 | 3 445 | | 2 262 | 1 389 | | 7 096 |
| Protonseneter - Investeringstilskot | Kap. 732.81 | | 77 600 | | | | 77 600 |
| Tannhelseneste i sjukehus | Kap. 770.21 | | 4 500 | | | | 4 500 |
| Bioteknologiloven - øremerka tilskot | Kap. 732.70 | 871 | 2 380 | 3 048 | 290 | | 6 589 |
| Substitusjonsbehandling | Kap. 732.70 | | 14 000 | | | | 14 000 |
| Barnepalliative team | Kap. 732.70 | 1 820 | 982 | 2 375 | 601 | | 5 778 |
| Landsdekkende modell for rettspsykiatri | Kap. 732.70 | | 1 216 | | | | 1 216 |
| Sum øymerkede midlar frå HOD | 9 912 | 3 362 | 164 768 | 2 280 | 0 | 0 | 180 323 |
| SUM, tildelt inntekt 2023 frå RHF | 8 353 061 | 4 088 419 | 12 938 131 | 3 211 763 | 1 022 960 | 3 703 033 | 33 317 367 |
| Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjjer: | | | | | | | |
| Kostnad, eksternt gj.pas. oppgjjer | -219 024 | -74 947 | -142 993 | -73 824 | | | -510 788 |
| Fakturering av gjestepasientar andre regional | 58 417 | 8 105 | 162 412 | 22 950 | | | 251 883 |
| Kostnad, rus gjestepasientar (estimat) | -15 264 | -11 843 | -35 530 | -4 869 | | | -67 506 |
| Kostnad, kjøp av kurdegnplassar (estimat) | -17 502 | -13 817 | -39 478 | -8 948 | | | -79 744 |
| Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat) | -8 283 | -9 203 | -9 203 | -5 259 | | | -31 947 |
| SUM, inntektsramme i HF-a | 8 151 406 | 3 986 714 | 12 873 339 | 3 141 814 | 1 022 960 | 3 703 033 | 32 879 265 |

Som ei endring i tabellen over vil forholda knytt til priskompensasjon og varig auke i basisramma, som i RNB 2023 var synleggjort gjennom egne linjer utanfor modell, inngå som ein del av inntektsmodellen i 2024:

| Postar som går inn i inntektsmodellen | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Haralds-plass | Helse Vest RHF | SUM |
|---------------------------------------|-----------------|-------------|--------------|-------------|---------------|----------------|---------|
| Priskompensasjon - modell | 38 608 | 19 199 | 56 969 | 17 073 | | | 131 849 |
| Varig økning av basisrammen | 133 552 | 75 059 | 183 923 | 56 466 | | | 449 000 |

I tabellen nedanfor er det vist den samla inntektsveksten i 2024 målt mot budsjett i 2023 (RNB) på det enkelte helseføretak inkludert eksternt gjestepasientoppgjjer (grå tabell i oppstillinga ovanfor).

Det er og tatt omsyn til forhold som er med å påverke samanlikninga av tala mellom dei to åra. Dette gjeld mellom anna øyremerka tilskot knytt til auka arbeidsgivaravgift samt andre forhold.

Dette gir følgjande berekna vekst i førebels inntektsramme 2024:

| Inntektsvekst 2024 vs 2023 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde |
|--|-----------------|--------------|--------------|--------------|
| Sum inntektsramme 2023 | 8 151 406 | 3 986 714 | 12 873 339 | 3 141 814 |
| Økt arbeidsgiveravgift | 28 559 | 14 014 | 51 339 | 13 920 |
| Inntektsmodell halv effekt | 23 942 | -331 | -2 175 | -21 436 |
| LIS1 Stillinger (31+100) | 28 174 | 4 901 | 13 126 | 4 901 |
| Korrigert grunnlag 2024 for sammenlikning mot 2023 | 8 232 080 | 4 005 297 | 12 935 629 | 3 139 198 |
| Inntektsramme 2023 - Revidert nasjonalbudsjett | 8 118 003 | 3 969 154 | 12 823 130 | 3 133 438 |
| Inntektsvekst i nominelle kroner justert for nye forhold | 114 077 | 36 143 | 112 500 | 5 760 |
| Vekst i % justert for nye forhold | 1,4 % | 0,9 % | 0,9 % | 0,2 % |

I tala som er vist i tabellen ovanfor ligg det også vekst relatert til ISF-inntekt. Denne delen av inntektsveksten er finansiert med 40% av DRG-prisen og dekker ikkje nødvendigvis tilhøyrande kostnader fullt ut. I tabellen nedanfor er det derfor vist korleis veksten vil vere dersom ein held vekst relatert til ISF-inntekt utanfor:

| Inntektsvekst 2024 vs 2023 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde |
|---|-----------------|-------------|--------------|-------------|
| Vekst i % justering for aktivitetsvekst | 1,1 % | 0,8 % | 0,6 % | 0,1 % |

7. Resultatkrav 2024

Helse- og omsorgsdepartementet har førebels ikkje stilt krav om overskot i føretaksgruppa. Det er sett eit krav om resultat i balanse, det vil seie at føretaksgruppa samla sett ikkje må budsjettere med underskot. Samtidig står alle føretaka midt oppi store investeringsprosjekt som skal gjennomførast dei nærmaste åra. Den varige auken i basisramma og deflator som kjem i samband med revidert nasjonalbudsjett 2023 vil gjere det enklare for føretaka å oppretthalde framdrifta på investeringane, men det er viktig at man tilpassar drifta etter dei økonomiske rammene og at resultatkrava blir innfridd.

Dersom resultatkravet i åra framover ikkje blir innfridd vil dette ha konsekvensar for gjennomføringsevna. Det er derfor heilt nødvendig at helseføretaka har vidare fokus på arbeidet knytt til omstillingstiltak og kostnadsreduserande aktivitetar. Dersom det er tiltak som ikkje lar seg gjennomføre eller er tiltak som ikkje gjev tilstrekkeleg effekt, må helseføretaka finne andre tiltak i tillegg.

Sjølv om tiltak som blir gjennomført seint på hausten ofte har liten effekt på resultatet, kan eit slikt tiltak gje ein svært god start på utfordringa det kommande budsjettåret. HF-a må styre verksemda på ein slik måte at nye tiltak blir etablert og gjennomført fortløpande etter behov, og ikkje berre i samband med budsjettarbeidet.

Dei siste åra har Helse Vest satsa på utvikling innan IKT, og aktivitetsnivået i Helse Vest IKT og prosjektporteføljen har aldri vore større. Det er førebels viktig at helseføretaka har fokus på endringar i prosesser og arbeidsdeling som kjem av ny teknologi for å kunne hente ut gevinstane av dette.

Helse Vest har i eige brev datert 05.01.2023 gitt helseføretaka føresetnader for utarbeiding av økonomisk langtidsplan 2024-2028. Med bakgrunn i dette har alle helseføretak utarbeida og behandla sin økonomiske langtidsplan i sine respektive styrer, og oppdatert føresetnadane basert på den varsla varige auken i basisramma i samband med RNB 2023.

Resultatkravet i sak om ØLP 2024-2028 er sett til følgjande:

| Resultatkrav ØLP 2024-2028 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehusapoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|-----------------------------------|-----------------|-------------|--------------|-------------|----------------------|----------------|----------------|---------|
| Resultatkrav 2024 | 2 000 | 0 | 75 000 | -2 000 | 9 000 | 1 000 | 350 000 | 435 000 |

Helse Stavanger har ved rullering av ØLP våren 2023 redusert resultatkravet frå førre ØLP til 2 mill. kroner. Som følgje av utsetting av fase II på Ullandhaug og fortsett drift på Våland, vil det vere auka behov for vedlikehald som er på eit vesentleg høgare nivå enn det som tidlegare er innarbeida i ØLP. I tillegg vil det komme ein høgare vekst i IKT kostnader samt andre driftsmessige forhold som tidlegare ikkje har vore tatt omsyn til. Oppdatering av inntektsmodellen med pre- hospitale tenester vil gje ein ytterlegare negativ effekt i 2024. Eit resultatkrav på 2 mill. kroner er i utgangspunktet for lågt, og det vil vere nødvendig å arbeide vidare med tiltak og vurdere moglegheita for å auke resultatkravet. Dette er og eit forhold som vil bli ytterlegare forsterka i 2025 kor resultat vil blir negativt utan nødvendige tiltak. Det er derfor nødvendig å gjere ei ny vurdering av resultatkravet når endeleg inntektsfordeling for 2024 blir behandla.

Helse Fonna har i rullering av ØLP føreslått å redusere resultatkravet i 2024 frå 7 mill. kroner til 0 mill. kroner. Føretaket har fortsett ei betydeleg økonomisk utfordring og omstillingsbehov og treng meir tid til å innarbeide nødvendige tiltak og tilpassingar i drifta.

Helse Bergen har i rullering av ØLP føreslått å auke resultatkravet i 2024 frå 50 mill. kroner til 75 mill. kroner. Årsaka til endringa er som følgje av innarbeida konsekvensar frå den varige styrkinga av sjukehusa som kjem av RNB 2023.

Helse Førde har i rullering av ØLP foreslått å oppretthalde resultatkravet frå førre rullering av ØLP på – 2 mill. kroner for 2024. Resultatkravet vil vere tilstrekkeleg til at føretaket er i stand til å gjennomføre gjeldande investeringsplanar, betala gjeld og handtere andre forpliktingar.

Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest IKT har i sine økonomiske langtidsplanar vidareført same resultatkrav for 2024 som ved førre rullering. Det blir derfor i førebels inntektsfordeling 2024 lagt opp til at det same resultatkravet blir vidareført.

Helse Vest RHF har i budsjettet for 2023 sett eit resultatkrav på kr 350 mill. Dette resultatkravet er vidareført i førebels inntektsramme for 2024.

Det vil bli gjort ein ny vurdering av resultatkravet i samband med endeleg inntektsramme 2024.

Dersom det i statsbudsjett 2024 blir lagt inn element som ikkje er fanga opp i denne saka, vil Helse Vest ta stilling til om det skal gjerast endringar i fastsetting av resultatkravet i samband med tildeling av endeleg inntektsramme 2024.

Manglande resultat og effekt av tiltak i 2023 gjev eit tilsvarande auka krav om effektivisering i 2024.